



Advokatpartner v/adv. Jorunn Moltu Jacobsen
Postboks 2026 Nordnes
5817 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2891 - 15/27742

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
27.08.2015

Gbnr185/28 Isdal. Deling av grunneigedom for arealoverføring til gbnr185/344.

Eigedom: Gnr.185 bnr.28 Isdal
Adresse for eigned.: Øykjetona 11, 5903 Isdalstø
Type tiltak: Deling av grunneigedom for arealoverføring
Heimelshavar: Ronny Lunde
Søker: Advokatpartner v/advokat Jorun Moltu Jacobsen

Saka gjeld:

I samband med eigedomsoverdraging vert det søkt om å få dele frå 85m² frå gnr.185/28 for overføring til gnr.185/344. Tiltaket er eit ledd i å sikre at bnr.344 har areal nok til veg fram. Gnr.185/28 har eit areal før deling på 8356m². Arealet som skal overførast er bratt skrent og klassifiser som bygd areal. Gnr.185/344 har før overføring et areal på 694m².

Planstatus/dispensasjonar:

Begge eigedommane er bustadeigedommar som ligg i område sett av til føremålet. Det er såleis ikkje naudsynt med dispensasjon.

Tilkomst:

Deling legg til rette for at tilkomst kan etablerast. Tilkomst i samsvar med gjeldande plan, eller noko justert i høve til planen.

Vassforsyning/avløp:

Deling fører ikkje til endring i tilhøva for vassforsyning og avløp.

Det er ikkje naudsynt med uttale frå andre mynde i høve arealoverføringa.

VEDTAK:

Med heimel i pbl § 20-1 bokstav m), gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 85m² brattlendt areal frå gnr.185 bnr.28 slik det er søkt om og synt på kart vedlagd søknad motteke i kommunen 10.08.2015. Arealet skal overførast til gnr.185 bnr.344 og føyast saman med denne eigdommen.



Grunngjeving for vedtaket pbl §20-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med plan- og bygningslova, forskrift, vedtekt eller plan.»

Tiltaket ligg i område sett av til bustadføremål, og er ikkje i strid med gjeldande reglar. Tiltaket er minimalt, og må sjåast nærast som ein formalitet.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i pbl. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling av eigedommen. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyve til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i Plan- og bygningslova.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015 vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling i samsvar med arealføremål, grenser ikkje fastsett i godkjend plan kr.6200,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Artane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker, jf. §§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatpartner v/adv. Jorunn
Moltu Jacobsen

Postboks 2026
Nordnes

5817

BERGEN